


## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Innkjøp

### Kommunalteknikk og VAR



## HAREID KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

# Forord

---

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «**Innkjøp – kommunalteknikk og VAR Hareid kommune**».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke administrasjonen i Hareid kommune for tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 23.08.19

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innhold

SAMANDRAG .....	4
1 Innleiing .....	5
2 Målsetting og problemstilling .....	6
3 Revisjonskriterium: .....	7
3.1 Nytt innkjøpsregelverk .....	7
3.2 Lov om offentlige anskaffelser .....	7
3.2 Bruksområde for de ulike delene i forskrifta og terskelverdier .....	7
3.3 Kommunen sine rutinar/prosedyrer .....	9
3.3.1 Hareid kommune sine rutinar for gjennomføring av anskaffingar .....	9
3.3.2 Sjekkliste for anskaffingar: .....	9
3.3.3 Rutinar i samband med innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune .....	9
4 Metode og gjennomføring .....	13
4.1 Dokument .....	13
4.2 Verifisering av data .....	13
4.3 Avgrensing .....	13
5 Deskriptiv analyse .....	14
5.1 Drift 2016 - 2018 heile kommunen: .....	14
5.2 Investering 2016 – 2018 heile kommunen .....	15
5.3 Drift teknisk: .....	15
6 Problemstilling 1 .....	17
6.1 Investeringsprosjekt: Hovden - Mork .....	17
6.1.1 Fakta .....	17
6.1.2 Vurdering: .....	17
6.2 Investeringsprosjekt: Almetunellen (Engskardtunellen) .....	18
6.1.2. Fakta .....	18
6.2.2 Vurdering: .....	18
6.3 Investeringsprosjekt: Hamnavegen .....	19
6.3.1 Fakta .....	19
6.3.2 Vurdering: .....	19
6.4 Investeringsprosjekt: Hovlidvegen og Rein/Gamle Brandalsveg .....	20
6.4.1 Fakta .....	20
6.4.2 Vurdering: .....	20
6.5 Investeringsprosjekt: Gjerdeelva .....	20
6.5.1 Fakta .....	20
6.5.2 Vurdering: .....	21
6.6 Investeringsprosjekt: Bjåstad - Røyset: .....	21
6.6.1 Fakta .....	21
6.6.2 Vurdering: .....	22
6.7 Investeringsprosjekt: Veg Gamleeidet: .....	22
6.7.1 Fakta .....	22
6.7.2 Vurdering: .....	22
6.2 Konklusjon problemstilling 1 .....	23
7 Problemstilling 2 .....	24
7.1 Fakta og vurderingar .....	24
7.1.1 Asfalt .....	25
7.1.2 Innkjøpsbistand: .....	25
7.1.3 Varebilar: .....	26
7.1.4 Skilt og vegoppmerkingsmateriell: .....	27
7.2 Konklusjon problemstilling 2 .....	27
8 Anbefalingar .....	28
9 Rådmannen sin kommentar: .....	29
10 Revisjonen sin kommentar: .....	31

## SAMANDRAG

**Problemstilling 1:** Fylgjer kommunen regelverket vedkomandelov om offentlege innkjøp, samt eigne rutinar ved investeringar?

Det vart plukka ut 7 investeringsprosjekt innanfor kommunalteknikk og VAR der ein kontrollerte innkjøpa opp i mot innkjøpsprosessen (lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande føreskrift). Kommunen har også eigne skriftlege rutinar ein kontrollerte innkjøpa opp i mot.

Innkjøpa var i stor grad gjort i samsvar med innkjøpsføreskrifta, men ein såg enkelte manglar som ein ønskjer å påpeike:

- Kommunen sine skriftlege rutinar krev at dette skal utarbeidast sjekklister for alle innkjøp over 100 000kr, gjeldande frå 03.08.18. Berre to prosjekt i utvalet vårt var omfatta av den nye rutinen og i dei to prosjekta var ikkje sjekklister utarbeidd.
- I to av prosjekta var det ikkje utarbeida konkurransegrunnlag med informasjon om fristar, prosedyreval, kvalifikasjonskrav og liknande.
- I eit av prosjekta var det ikkje stilt krav om lærlingordning slik føreskrifta krev.

**Problemstilling 2:** Nyttar kommunen gjeldande rammeavtaler?

Hareid kommune er ein del av innkjøpssamarbeidet i Ålesundsregionen. Ålesund kommune administrer dette samarbeidet på vegne av medlemskommunane. Kommunen har i dag 28 rammeavtaler. Ein kontrollerte dei fire rammeavtalene som var knytt opp i mot kommunalteknikk og VAR. Gjennomgangen viste at rammeavtalene i stor grad hadde blitt følgt.

### Anbefalingar

1. Kommunen bør følge sine eigne rutinar og utarbeide sjekklister for anskaffingar ved oppstart av alle innkjøp over 100 000 kr.
2. Kommunen bør ved alle innkjøp over 100 000 kr utarbeide konkurransegrunnlag og kravspesifikasjon.

Desse tiltaka vil kunne bidra til at innkjøpsprosessen vert tilfredstillande dokumentert og grunngjeven.

## 1 Innleiing

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak i sak 07/19 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøpsområdet spissa mot kommunalteknikk og VAR.

Kontrollutvalet ynskte at revisjonen skulle vurdere praksis vedk.lov om offentlege innkjøp, forskrifter og reglement/rutinar, samt om kommunen nytta rammeavtalane dei er bundne av.

Prosjektet har som formål å stadfeste om Hareid kommune følgjer lov om offentlege innkjøp med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer innanfor innkjøpsområdet i 2018. Hareid kommune har utarbeida eigne skriftlege rutinar i høve innkjøp, i tillegg til at kommunen har i dag eit formelt samarbeid med Ålesund kommune. Felles rammeavtalar utarbeida av innkjøpssamarbeidet og som er gjeldande for kommunen vil og vere gjenstand for kontroll, men då med tanke på kommunen og deira innkjøparar sin lojalitet til desse avtalane.

Hareid kommune hadde i 2018 budsjettetert med til saman ca 105,3 mill kr i investeringar (gjennomført 66,5 mill kr). I tillegg kjem vedlikehald og drift. Ein effektiv konkurranse om dei offentlege kontraktane kan bidra til at det offentlege får meir igjen for pengane. Samtidig vil ein gjennom konkurranse legge til rette for at små og mellomstore bedrifter kan kjempe om offentlege oppdrag på linje med dei større aktørane på marknaden. Ein betydeleg andel av kommunale kjøp av varer og tenester er regulert gjennom lov om offentlege anskaffingar og forskriftene til denne. Lov / forskrift gir klare retningslinjer for korleis ein skal gjennomføre innkjøp/anskaffingar, frå planlegging til gjennomføring. Konserninnkjøp i Ålesund utarbeida forslag til rutinar i høve offentlege innkjøp, og dei har også utarbeida dokument som kunne vere eit nyttig verktøy for kommunane (t.d. innkjøpsprotokollar).

Innkjøpsområdet er eit risikoområde av fleire grunnar. Det kan oppstå situasjonar der kommunen kan verte erstatningspliktig ovanfor potensielle leverandørar dersom regelverket ikkje blir følgt. Det er oppretta eit klageorgan som handsamar eit stort antal saker, og media har i lang tid vist stor interesse for området. Det er også innanfor feltet innkjøp at ein finn dei store korrupsjonssakene som er avdekka innanfor offentleg sektor.

## 2 Målsetting og problemstilling

Revisjonen har teke utgangspunkt i rekneskapssystemet. Det er for teknisk sektor føreteke eit utval av større innkjøp i investeringsrekneskapen som ein testar mot regelverket. Vidare vil ein gjennom analyse av leverandørar vurdere om ramme avtalane vert nytta.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida to problemstillingar , i tillegg til ei deskriptiv analyse av innkjøp, omfang og leverandørar i perioden 2016-2018.

### Problemstilling 1:

Fylgjer kommunen regelverket vedkomandelov om offentlege innkjøp, samt eigne rutinar ved investeringar?

- Innkjøp skal være konkurranseutsatt i henhold til krav i anskaffelsesregelverket
- Innkjøpsprosessen skal være dokumentert og arkivert i kommunes arkivsystem
- Hareid kommune har utarbeida eigne skriftlege rutinar og sjekklister i høve gjennomføring av anskaffingar som skal følgjast.

### Problemstilling 2:

Nyttar kommunen gjeldande rammeavtaler?

- Kommunen bør ha rutinar som sikrar at rammeavtaler blir nytta og følgt opp.
- Kommunen skal kjøpe varer/tenester hos dei leverandørar som ein har rammeavtale med på området kjøpet gjelder.

Problemstillingane vert belyst ved hjelp av eit eller fleire revisjonskriterium som går fram i kapittel 3.

### 3 Revisjonskriterium:

#### 3.1 Nytt innkjøpsregelverk

Nytt innkjøpsregelverk blei gjeldande frå 1. januar 2017 og gjeld for innkjøp som har blitt kunngjort etter denne dato. I prosjektet er det innkjøpslova og innkjøpsføreskrifta som er nytta i samband med kontroll med omsyn til etterleving av innkjøpsregelverket samt kommunen sine interne rutinar. Nedanfor går det fram dei viktigaste momenta og endringane i innkjøpsregelverket som er nytta som revisjonskriterium i prosjektet.

#### 3.2. Lov om offentlige anskaffelser

Det går fram av lova (LOA) § 1 – Formål, at loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressursar. Den skal også bidra til at det offentlige opptre med integritet, slik at allmenheita har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

Lova gjeld «*når statlige, kommunale, fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer og sammenslutninger dannet av flere av disse inngår vare-, tjeneste- eller bygge- og anleggskontrakter, herunder konsesjonskontrakter, eller gjennomfører plan- og designkonkurranser, med en anslått verdi som er lik eller overstiger 100 000 kroner ekskl. merverdiavgift*». Innkjøp under terskelverdien er ikkje omfatta av innkjøpslova eller føreskrifta.

De grunnleggende prinsippene for offentlige anskaffelser fremgår av LOA § 4. Der fremgår det at oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvnbarhet og forholdsmessighet.

Den nye innkjøpslova inneheld fleire reglar som pålegg offentlig innkjøper å ta omsyn til miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold ved gjennomføring av sine innkjøp. Lova § 5 omhandlar miljø, menneskerettigheter og andre samfunnsomsyn. Innkjøpslova § 6 gjeld forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar. Innkjøpslova § 7 gjeld krav om bruk av lærlingar. Det er utarbeida ei eiga føreskrift som fastsett nærmare reglar om krav av bruk av lærlingar. Føreskrifta blei gjeldande frå 1. januar 2017.

#### 3.2. Bruksområde for de ulike delane i føreskrifta og terskelverdiar

Det finnast ulike føringar både mht. dokumentasjonsplikt og kunngjering for ulike innkjøp, og innkjøpsføreskrifta gir meir utfyllande informasjon i høve når dei ulike områda skal brukast (Del I-III). Terskelverdiane som delar inn dei ulike bruksområda går fram nedanfor. Deretter ser ein på dei ulike områda i detalj.

##### Terskelverdiane:

EØS-terskelverdiane blir justerte annakvart år av EU-kommisjonen som følgje av endringar i valutakursane. Nærings- og fiskeridepartementet fastsett nye EØS-terskelverdiar i Norge. Nasjonal terskelverdi har blitt justert i samsvar med EØS-terskelverdien. Statlige

myndigheter (kommunen) vil derfor ha én terskelverdi å forholde seg til ved kjøp av varer og tjenester.

Terskelverdiane blei sist justert 06.04.18. Nedanfor går det fram ei lita oversikt som syner dei gamle og nye terskelverdiane:

	<b>EØS-terskelverdi fram til 06.04.18</b>	<b>EØS-terskelverdi frå 06.04.18</b>
Vare og tenestekontrakter	1,1 millionar	1,3 millionar
Bygg og anleggskontrakter	44 millionar	51 millionar
Helse og sosialteneste	6,3 millionar	6,95 millionar

### **Innkjøp under 100 000kr eksl. mva**

Som tidlegare nemnt fell ikkje innkjøp med ein anslått verdi under 100 000kr eksl. mva inn under innkjøpsregelverket.

#### **Del I**

##### **EØS-terskelverdi fram til 06.04.18**

*Anskaffelser mellom 100 000 - 1 100 000 NOK (varer, tjenester og bygg og anlegg), og Anskaffelser mellom 100 000 – 6 300 000 NOK (helse- og sosialtjenester iht FOA vedlegg 3 og 4):*

##### **EØS-terskelverdi frå 06.04.18**

*Anskaffelser mellom 100 000 - 1 300 000 NOK (varer, tjenester og bygg og anlegg), og Anskaffelser mellom 100 000 - 6 950 000 NOK (helse- og sosialtjenester iht FOA vedlegg 3 og 4):*

Innkjøpsføreskrifta del I inneheld alminnelege reglar som gjelder alle innkjøp som er underlagt forskrifta, med en anslått verdi som er lik eller overstiger 100 000 kroner eksl. mva. Det går fram blant anna av § 7 i forskrifta at oppdragsgivar skal oppbevare dokumentasjon som er tilstrekkelig til å grunngjeve viktige avgjerder i innkjøpsprosessen og vesentlege forhold for gjennomføringa skal førast eller samlast i en protokoll.

#### **Del II**

##### **EØS-terskelverdi fram til 06.04.18**

*Anskaffelser over 1 100 000 NOK til 1 750 000 (varer og tjenester), og Anskaffelser mellom 1 100 000 – 44 000 000 NOK (bygg og anlegg), og Anskaffelser over 6 950 000 NOK (helse- og sosialtjenester iht FOA vedlegg 3 og 4):*

##### **EØS-terskelverdi frå 06.04.18**

*Anskaffelser over 1 300 000 NOK til 2 000 000 (varer og tjenester), og Anskaffelser mellom 1 300 000 – 51 000 000 NOK (bygg og anlegg), og Anskaffelser over 6 950 000 NOK (helse- og sosialtjenester iht FOA vedlegg 3 og 4):*



Del II gjeld for kontrakter med en anslått verdi på minst 1,1 mill. kroner eksl. mva. (før 06.04.18) / 1,3 mill kr (etter 06.04.18), men som ikkje overstiger EØS-terskelverdiane. Det er nokon unntak frå denne regelen. Av forskrifta del II § 10-5 (1) går det fram at oppdragsgjevar skal føre protokoll for gjennomføringa av innkjøpet. Vidare går det fram av§ 10-5 (2) kva opplysningar protokollen skal innehalde i den utstrekning dei er relevante.

### Del III

Del III gjelder for kontrakter med en anslått verdi som er lik eller overstiger EØS- terskelverdi. Anskaffelser over 1 750 000 NOK (før 06.04.18) / 2 000 000 NOK (etter 06.04.18) for varer og tjenester, og anskaffelser over 44 000 000 NOK (før 06.04.18) /51 000 000 NOK (etter 06.04.18) for bygg og anleggskontrakter.

## 3.3 Kommunen sine rutinar/prosedyrer

### 3.3.1 Hareid kommune sine rutinar for gjennomføring av anskaffingar

Hareid kommune har utarbeida egne skriftlege rutinar og sjekklister i høve gjennomføring av anskaffingar. I hovudsak går det fram at for alle anskaffingar der den totale verdien overstig 100 000kr skal det nyttast sjekklister for anskaffingar for å syte for at alle viktige vurderingar er gjort før konkurransen vert kunnngjort.

I tillegg skal det utarbeidast tre sentrale dokument før konkurransen kan sendast ut i marknaden:

**A. konkurransegrunnlag.** Denne skal innehalde informasjon om fristar, prosedyreval, kvalifikasjonskrav og tildelingskriterier.

**B. Kravspesifikasjon.** Kravspesifikasjonen skal gi ei ytings- eller funksjonsskildding, tekniske spesifikasjonar, minstekrav eller ein kombinasjon av desse.

#### C. Kontrakt

Når det kjem til sjølve gjennomføringa av konkurransen skal denne gjennomføringa av konkurransen vert regulert etter dei ulike delane i innkjøpsførseskifta.

### 3.3.2 Sjekklister for anskaffingar:

Kommunen oppretta sjekklister for anskaffingar 03.08.18. Sjekklista skal nyttast ved oppstart av alle anskaffingar for å syte for at alle viktige vurderingar er gjort før konkurransen vert kunnngjord. Utfylt sjekklister skal arkiverast på saka i ePhorte.

### 3.3.3 Rutinar i samband med innkjøpsamarbeidet med Ålesund kommune.

Som tidlegare nemnt fell ikkje innkjøp med ein anslått verdi under 100 000kr eksl. mva inn under innkjøpsregelverket. Hareid kommune har slutta seg til innkjøpsamarbeid med

Ålesund kommune og har i dag tilgong til deira skriftlege prosedyre/rutinar. I Ålesund sine skriftlege rutinar går det fram følgjande om innkjøp under 100 000kr eksl. mva:

### **Innkjøp under 100 000kr eksl. mva**

*«Som hovedregel vil det være fornuftig av oppdragsgiver å hente inn tilbud fra flere leverandører, men det er oppdragsgiver som selv bestemmer om det er hensiktsmessig for den enkelte anskaffelse.*

Er man i tvil om anskaffelsen er under 100 000 NOK eks. mva så bør en lage en enkel dokumentasjon som viser hvordan vurderingen av anskaffelsesverdien er foretatt.»

#### **Del I**

I kommunen sine rutinar (utarbeida av Ålesund kommune går det fram følgjande prosedyre for del I:

- *Ingen kunngjøringsplikt – trenger ikke å kunngjøre konkurransen på Doffin*
- *Alle anskaffelser over 100 000 NOK skal avklares med Konserninnekjøp, for valg av fremgangsmåte. Valg skal protokollføres.*
- *Anskaffelsen skal være i samsvar med prinsippene i forskriftens Del I*
- *Anskaffelsesprotokoll skal føres (mal finnes i kommunens avtaleleser «rutiner og maler»)*
- *Forespør minimum 3 leverandører*
- *Forespørselen/konkurransesgrunnlaget skal inneholde:*
- *Tilbudsfrist – dato og klokkeslett*
- *Ønsket leveringstidspunkt*
- *Beskrivelse av hva som skal anskaffes/ krav til produkt/tjeneste (husk å forespørre om pris)*
- *Gjerne informasjon om hvordan innkomne tilbud vil bli evaluert:*
- *Lavest pris eller en kombinasjon av pris og kvalitet (fastsett tildelingskriterier, for eks.: pris, kvalitet, leveringstid)*
- *Utkast til avtale/aktuelle avtalevilkår*
- *Deltagende leverandører skal ha skriftlig tilbakemelding om hvem som ble valgt som leverandør.*

#### **Del II**

- *Kunngjøringsplikt på Doffin*
- *Anskaffelsen skal være i samsvar med prinsippene i forskriftens Del I og II*
- *Anskaffelsesprotokoll skal føres av konserninnekjøp*
- *Forespørselen/konkurransesgrunnlag skal inneholde:*
- *krav til leverandør om å levere skatteattest for skatt og merverdiavgift, ikke eldre enn 6 måneder fra tilbudsfrist, ingen restanser (kontakt Konserninnekjøp for forslag til formulering)*
- *tilbudsfrist – dato og klokkeslett*

- *ønsket leveringstidspunkt*
- *beskrivelse av hva som skal anskaffes/ krav til produkt/tjeneste (husk å forespørre om pris)*
- *informasjon om hvordan innkomne tilbud vil bli evaluert:*
- *lavest pris eller på grunnlag av hvilket tilbud som har det beste forholdet mellom pris eller kostnad og kvalitet, basert på følgende kriterier (fastsett tildelingskriterier i prioritert rekkefølge, for eks.: pris, kvalitet, leveringstid, miljø)*
- *utkast til avtale*
- *Deltagende leverandører skal ha skriftlig tilbakemelding om hvem som ble valgt som leverandør*

### **Del III**

- Kunngjøringsplikt i Doffin og TED
- Anskaffelsen skal være i samsvar med prinsippene i forskriftens Del I og III
- Anskaffelsesprotokoll skal føres av konserninnkjøp
- Forespørselen/konkurransesgrunnlag skal inneholde:
- Krav til å bruke ESPD egenerklæringsskjema knyttet til kvalifikasjonskrav (kontakt Konserninnkjøp for tilgang til dette)
- Tilbudsfrist – dato og klokkeslett
- Ønsket leveringstidspunkt
- Beskrivelse av hva som skal anskaffes/ krav til produkt/tjeneste (husk å forespørre om pris)
- Informasjon om hvordan innkomne tilbud vil bli evaluert:
- Lavest pris eller på grunnlag av hvilket tilbud som har det beste forholdet mellom pris eller kostnad og kvalitet, basert på følgende kriterier (fastsett tildelingskriterier med vektning, for eks.: pris 50 %, kvalitet 20 %, leveringstid 10 %, miljø 20 %)
- Utkast til avtale
- Deltagende leverandører skal ha skriftlig tilbakemelding om hvem som ble valgt som leverandør.

## Tabellarisk framstilling av dei ulike områda med terskelverdiar før og etter 06.04.18

Anskaffelsesforeskriften (FOA) Før 06.04.18			
Del 1	Del 2	Del 3	Del 4
Varer og tenester 100 000 -1,1 mil kr	Varer og tenester 1,1 - 1,75 mil kr	Varer og tenester over 1,75 mil kr	Helse og sosialtjenester Over 6,3 mil kr
Bygg og anlegg 100 000kr - 1,1 mil kr	Bygg og anlegg 1,1 mil - 44 mil kr	Bygg og anlegg over 44 mill kr	
Helse og sosialtjenester opp til 6,3 mil kr			
Ingen kunngjeringsplikt (Innhente frå tre leverandørar)	Kunngjeringsplikt <u>Doffin</u>	Kunngjeringsplikt <u>Doffin</u> og TED	Kunngjeringsplikt <u>Doffin</u> og TED
Dokumentasjonsplikt	Innkjøpsprotokoll	Innkjøpsprotokoll	Innkjøpsprotokoll
Skatteattest over 500 000kr	Skatteattest + kan krevje eigenerklæring jf §8-10	Europeisk eigenerklærings skjema (ESPD)	Skatteattest

Anskaffelsesforeskriften (FOA) Etter 06.04.18			
Del 1	Del 2	Del 3	Del 4
Varer og tenester 100 000 -1,3 mil kr	Varer og tenester 1,3 - 2 mil kr	Varer og tenester over 2 mil kr	Helse og sosialtjenester Over 6,95 mil kr
Bygg og anlegg 100 000kr - 1,3 mil kr	Bygg og anlegg 1,3 mil - 51 mil kr	Bygg og anlegg over 51 mill kr	
Helse og sosialtjenester opp til 6,95 mil kr			
Ingen kunngjeringsplikt (Innhente frå tre leverandørar)	Kunngjeringsplikt <u>Doffin</u>	Kunngjeringsplikt <u>Doffin</u> og TED	Kunngjeringsplikt <u>Doffin</u> og TED
Dokumentasjonsplikt	Innkjøpsprotokoll	Innkjøpsprotokoll	Innkjøpsprotokoll
Skatteattest over 500 000kr	Skatteattest + kan krevje eigenerklæring jf §8-10	Europeisk eigenerklærings skjema (ESPD)	Skatteattest

## 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som vert nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi tek utgangspunkt i relevante dokument, korrespondanse og eventuelle uttaler frå administrasjonen. Det har vore teke utgangspunkt i kommunen sin rekneskap. Ved utval av innkjøp

Det er innhenta anbudsprotokollar og underdokumentasjon. For dei innkjøp som har vore lagt ut på Doffin har ein også nytta dokumentasjon herifrå. Det var i 2018 totalt 35 investeringsprosjekt (26 var over 100 000 kr). Ein plukka ut og kontrollerte totalt 7 investeringsprosjekt over 100 000kr som ein kontrollerte i detalj.

I høve rammeavtaler har ein nytta kommunen sitt kvalitetssystem (Compilo) der gjeldande rammeavtaler ligg føre med underdokumentasjon. Ein plukka dei 4 rammeavtalene som var knytt til kommunalteknikk og VAR.

Prosjekter vert utført i samsvar med revisjonsstandard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

### 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta som vert undersøkt er:

- Rekneskap /økonomisystem
- Skriftlege rutinar
- Anbudsdokumentasjon (tilbudsinvitasjon, konkurransegrunnlag og liknande)
- Innkjøpsprotokollar o.l
- Rammeavtaler
- Compilo

### 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale den 28.08.19 Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

### 4.3 Avgrensing

Prosjektet er i hht. Bestilling frå kontrollutvalet avgrensa til å gjelde teknisk.

I høve problemstilling 1 er prosjektet i hovudsak avgrensa til å gjelde innkjøp og investeringar inngått i 2018. I høve problemstilling 2 har ein kontrollert gjeldande rammeavtaler i høve driftsrekneskapen for 2018. Vi ikkje gått inn og sett på om regelverket er følgt når det gjeld inngåing av rammeavtalen, vi har kun vurdert om rammeavtalar har vore nytta.

## 5 Deskriptiv analyse

### 5.1 Drift 2016 - 2018 heile kommunen:

Er sett nærmare på dei ulike leverandørane som Hareid kommune handla med i perioden 2016- 2018. Tala er henta frå økonomisystemet Agresso. Tala er avgrensa til å gjelde frå konto 11000-12999 som gjeld kjøp av varer og tenester som inngår i kommunen sin eigenproduksjon (artsserie 1 og 2). Konto 1300 -13999 som gjeld kjøp av tenester som erstattar kommunen sin eigenproduksjon (artsserie 3 har vi valt å halde utanfor då det i hovudsak gjeld kjøp frå stat og kommune, kommunale føretak og IKS. Oversikta viser dei leverandørane som Hareid over drifta, handla med for over 1 million med i perioden 2016-2018. Investeringsutgifter er halde utanfor.

Leverandørar	2 016	2 017	2 018	Totalsum
1 FJORDKRAFT AS	2 388 224	4 097 437	5 047 285	11 532 946
2 HG ELEKTRO AS	1 172 916	2 273 310	2 269 003	5 715 229
3 GIØRTZ SØNNER AS H.I.	1 438 074	1 542 467	1 480 851	4 461 391
4 HAREID KOMMUNE	659 721	2 604 270	716 629	3 980 620
5 NCC INDUSTRY AS	1 240 521	1 961 668	403 693	3 605 882
6 ATEA AS	1 496 240	1 084 382	816 832	3 397 453
7 ØDEGAARD ENGROS AS	967 378	961 375	1 036 587	2 965 341
8 HAREID RØR & INTERIØR AS	451 168	1 495 130	936 450	2 882 748
9 MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	881 232	755 332	798 279	2 434 842
10 EVRY NORGE AS	781 648	1 306 215	256 194	2 344 057
11 APOTEK 1 HAREID	695 627	699 320	806 889	2 201 837
12 BREKKE & KLEPPE ANLEGG AS	883 282	898 376	260 868	2 042 525
13 DATAMETRIX	722 089	1 290 674	32 742	1 980 021
14 TIETO NORWAY AS	962 169	978 594	-	1 940 763
15 VISMA UNIQUE AS	570 658	645 450	691 249	1 907 357
16 TINE BA	573 440	617 079	661 264	1 851 784
17 TUSSA-24 AS	1 224 328	313 293	227 102	1 764 723
18 EUROSPAR HAREID	572 310	536 042	633 066	1 741 419
19 NOR TEKSTIL AS	517 056	541 339	644 558	1 702 954
20 SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS	497 107	563 402	624 850	1 685 359
21 VB BOK AS	498 115	751 998	376 341	1 626 453
22 LINDBAK AS		1 042 152	533 582	1 575 733
23 AHLSELL AS	921 768	401 697	205 617	1 529 082
24 NORKART AS	264 223	529 025	723 225	1 516 473
25 TRELAST EIGEDOM AS	438 023	475 375	594 689	1 508 087
26 FLOTEN AS	486 092	485 235	485 235	1 456 562
27 UNIT4 AS	664 377	674 111		1 338 488
28 KS	351 803	537 145	443 554	1 332 502
29 TELENOR NORGE AS - MOBIL	381 502	527 694	414 380	1 323 577
30 COM-NET MASKIN AS	548 657	452 599	299 272	1 300 528
31 MØRENETT AS	1 177 712	101 531	12 066	1 291 309
32 HAREID ELEKTRISKE AS		184 626	1 056 564	1 241 190
33 ØVIND YRI	511 365	517 175	146 290	1 174 830
34 NORDVEST MILJØ AS	259 903	414 548	457 583	1 132 034
35 HUSLY AS	347 130	363 228	382 346	1 092 704
36 RISE BYGG AS	76 811	871 595	136 469	1 084 875
37 CIRCLE K NORGE AS	308 453	328 718	391 523	1 028 694
38 MARKUS R. NESSET	295 402	338 538	394 569	1 028 509
39 VOLKSWAGEN MØLLER BILFINANS AS	293 965	379 571	342 672	1 016 208
<b>Sum største leverandørar</b>	<b>26 520 489</b>	<b>34 541 715</b>	<b>25 674 884</b>	<b>86 737 087</b>
<b>Sum alle leverandørar</b>	<b>45 124 371</b>	<b>55 482 103</b>	<b>43 707 070</b>	<b>144 313 543</b>

I perioden 2016- 2018 var det totalt kjøpt for 144,3 mill kr på konto 11000-12999 (KOSTRA-artsserie 1 og 2). Dei 39 leverandørane som hadde levert for over 1 mill i perioden hadde tilsaman levert varer/tenester for totalt 86,7 mill kr. Dette utgjorde totalt 60% av alle innkjøpa i perioden.

## 5.2 Investering 2016 – 2018 heile kommunen

Nedanfor har vi sett nærmare på dei ulike leverandørane som Hareid kommune handla over investeringsrekneskapen i perioden 2016- 2018. Tala er henta frå økonomisystemet og er avgrensa til å gjelde frå konto 0-04999 i investeringsrekneskapen.

	Leverandørar	2 016	2 017	2 018	Totalsum
1	BREKKE & KLEPPE ANLEGG AS	724 379	493 086	12 011 011	13 228 476
2	RISE BYGG AS	325 112	900 212	11 142 862	12 368 187
3	HG ELEKTRO AS	2 049 938	2 830 449	1 992 497	6 872 884
4	ATEA AS	1 055 649	1 679 680	1 298 215	4 033 544
5	DELL AS	1 876 529	1 395 525		3 272 054
6	DATAMETRIX	1 274 655	1 398 447	128 509	2 801 611
7	EVRY NORGE AS	2 189 275	245 314		2 434 589
8	NORDPLAN AS		85 352	2 275 191	2 360 543
9	NORCONSULT		100 650	2 120 042	2 220 692
10	NORDVEST BYGG OG INTERIØR AS		980 493	1 166 486	2 146 979
11	AURVOLL OG FURESUND AS	727 559	250 416	929 244	1 907 220
12	TIETO NORWAY AS	564 441	1 292 656		1 857 098
13	NCC INDUSTRY AS	974 510	66 900	754 801	1 796 211
14	ASPLAN VIAK AS	592 099	248 639	882 238	1 722 976
15	AHLSSELL AS	1 148 158	178 022	201 667	1 527 847
16	HAMSTO & STORVIK PROSJEKT		496 924	949 225	1 446 149
17	XYLEM WATER SOLUTIONS NORGE AS	34 400		1 335 533	1 369 933
18	BEDRIFTSSYSTEMER A/S	877 063	437 591		1 314 653
19	ÅLESUND TAKTEKING AS	180 000	625 000	353 938	1 158 938
20	HAREID KOMMUNE		1 067 479		1 067 479
21	SØRE SUNNMØRE IKT			1 023 689	1 023 689
22	TILSETH AS			1 000 000	1 000 000
	<b>Sum største leverandørar</b>	<b>14 593 767</b>	<b>14 772 835</b>	<b>39 565 148</b>	<b>68 931 750</b>
	<b>Sum alle leverandørar</b>	<b>19 266 591</b>	<b>20 877 846</b>	<b>47 317 284</b>	<b>87 461 721</b>

Oversikta viser at det var totalt 5 leverandørar som hadde levert varer/tenester for over 3 mill kr i perioden 2016-2018. Det var totalt investert/handla for 87,4 mill i perioden. Dei 22 største leverandørane stod for nesten 69 mill kr av innkjøpa (78,8% ).

## 5.3 Drift teknisk:

Vidare har vi sett nærmare på dei ulike leverandørane som teknisk sektor handla med i 2018. Tala er henta frå økonomisystemet Agresso. Dette omfattar ansvara: 6120 Byggesakshandsaming, 6130 Geodata, 6180 Brannvern, 6181 Feiing, 6500 Kommunalteknisk, 6520 Vegar, 6522 Hamn, 6530 Gatelyst, 6540 Park og grøntanlegg, 6541 Idrettsanlegg, 6550 Anløp, 6560 Vatn, 6570 Avløp, 6591 Forureining og 7000 FDV bygningar. Tala er avgrensa til å gjelde frå konto 11000-12999. Totalt var det 200 leverandørar teknisk hadde handla med i 2018. Oversikta av dei 20 største leverandørane går fram nedanfor. Desse stod for ca 65% av dei totale innkjøpa på områda.

2018 Drift Teknisk : Leverandører over 100 000 kr		
Rangert	Beløp	Leverandør
1	900 110	FJORDKRAFT AS
2	556 187	NORKART AS
3	527 610	BKK ENOTEK AS
4	403 693	NCC INDUSTRY AS
5	394 569	MARKUS R. NESSET
6	324 940	Envidan Momentum AS
7	299 272	COM-NET MASKIN AS
8	295 602	HG ELEKTRO AS
9	255 440	OLEBUDA EIGEDOM AS
10	244 418	BREKKE & KLEPPE ANLEGG AS
11	242 055	OLE JOHAN BIGSET
12	219 352	AURVOLL OG FURESUND AS
13	205 467	AHLSSELL AS
14	179 690	MINERAL TRANSPORT AS
15	176 189	TOR-ATLE VALDERHAUG
16	174 443	NORD BERG AS
17	153 736	CIRCLE K NORGE AS
18	147 442	VARHAUG MASKINSTASJON
19	146 290	ØYVIND YRI
20	131 373	ATEA AS

I tillegg har vi sett på dei 20 leverandørane som kommunen samla sett har kjøpt mest tenester med dei siste tre åra.

2016-2018 Drift Teknisk: 20 leverandørane ein handla mest med					
Rangert	2016	2017	2018	Total	Leverandør
1	1 240 521	1 961 668	403 693	3 605 882	NCC INDUSTRY AS
2	428 541	734 245	900 110	2 062 896	FJORDKRAFT AS
3	883 282	898 376	244 418	2 026 075	BREKKE & KLEPPE ANLEGG AS
4	920 940	401 590	205 467	1 527 996	AHLSSELL AS
5	548 657	452 599	299 272	1 300 528	COM-NET MASKIN AS
6	511 365	517 175	146 290	1 174 830	ØYVIND YRI
7	132 945	384 173	556 187	1 073 305	NORKART AS
8	295 402	338 538	394 569	1 028 509	MARKUS R. NESSET
9	214 983	270 865	295 602	781 450	HG ELEKTRO AS
10	110 686	488 377	147 442	746 505	VARHAUG MASKINSTASJON
11	623 087	94 831	4 220	722 138	MØRENETT AS
12	-	174 061	527 610	701 671	BKK ENOTEK AS
13	269 215	144 900	179 690	593 806	MINERAL TRANSPORT AS
14	119 904	87 930	324 940	532 774	Envidan Momentum AS
15	109 175	187 532	176 189	472 896	TOR-ATLE VALDERHAUG
16	-	215 560	255 440	471 000	OLEBUDA EIGEDOM AS
17	9 831	453 557	-	463 389	RISE BYGG AS
18	145 412	159 522	153 736	458 669	CIRCLE K NORGE AS
19	-	150 277	219 352	369 628	AURVOLL OG FURESUND AS
20	112 639	145 883	108 851	367 374	YARA PRAXAIR AS



## 6 Problemstilling 1

*Fylgjer kommunen regelverket vedkomandelov om offentlege innkjøp, samt eigne rutinar ved investeringar?*

### 6.1 Investeringsprosjekt: Hovden - Mork

#### 6.1.1 Fakta

Innkjøpet gjaldt graving av grøft med nedlegging av div. rør, der kommunen ønska prisar pr time for maskin, lastebil og borerigg. Totalt hadde innkjøpet ein anslått verdi på 300 000 kr.

Det låg føre tilbodsinvitasjon og kravspesifikasjon utarbeida av Hareid kommune. I tilbodsinvitasjonen gjekk det fram bla. informasjon om prosjektet/innkjøpet, tidsfristar og korleis innkomne tilbud ville bli evaluert. Det vart ikkje stilt kvalifikasjonskrav i denne konkurransen og tildelingskriteriet som blei vektlagt var timespris på maskin. Det gjekk fram av invitasjonen at tilbudet skulle leverast i eit papireksemplar, samt på USB-stikk, og at ved motstrid mellom papirversjonen og den digitale versjonen vil papirversjonen leggast til grunn.

Ut i frå tilbakemelding frå administrasjonen var innkjøpet både lagt ut på heimesida til kommunen og sendt direkte til tre aktuelle firma (mail låg føre). Dei tre leverandørane leverte tilbud og alle var levert innan fristen (Aurvoll og Furesund AS, Brekke og Kleppe AS, og Graving og Transport AS) .

To av tilboda vart avvist, og grunngevinga for dette var at dei ikkje hadde levert eit eksemplar av tilbudet på USB-stikk slik det gjekk fram av tilbodsinvitasjonen og difor blei Aurvoll og Furesund tildelt prosjektet.

Det låg føre protokoll for anskaffing etter føreskrifta del 1.

#### 6.1.2 Vurdering

Prosjektet fell inn under bygg og anleggsarbeid som fell inn under innkjøpsføreskrifta del 1. Tre tilbydarar var førespurd. Det var utarbeida tilbodsinvitasjon og kravspesifikasjon samt anbudsprotokoll som stetta krava i høve innkjøpsføreskrifta del 1.

To av dei tre leverandørane blei ekskluderte pga. manglande innsending av tilbudet på USB-stikk. Kommunen kan avvise dei to tilboda med bakgrunn i anskaffelsesforeskriften §24 -1 (b) «Når forespørselen om å delta i konkurransen eller tilbudet er levert i strid med kravene til kommunikasjonsmiddel». Derimot gir også føreskrifta § 23-5 anledning til å be leverandøren ettersende, supplere dokumentasjon innan ein kort tilleggsfrist dersom bestemte dokument manglar, noko som ein ikkje kan sjå har vore gjort.

## 6.2 Investeringsprosjekt: Almetunellen (Engskardtunellen)

### 6.1.2. Fakta

Innkjøpet gjaldt utviding av tunellen, forbetring av fall og siktforhold, samt oppgradering av drens, elektro og innkjøringssoner. Det blei gjennomført ein open anbodskonkurranse med tilbodsfrist 02.11.18

Det var ikkje oppretta sjekklister for anskaffingar ved oppstart. Kunngjeringa var lagt ut på Doffin 18.10.18. Det låg føre konkurransegrunnlag, funksjonsskildring og kontraktgrunnlag utarbeida av Asplan Viak. I beskrivinga gjekk det bla. fram teknisk informasjon om prosjektet, krav til leverandøren og konkurransereglar. Det blei stilt dokumentasjonskrav om skatteattest, firmaattest, kredittvurdering samt ei oversikt over eit utval liknande prosjekt. I tilbodsinvitasjonen gjekk det også fram tildelingskriterier og i dette prosjektet var pris vektlagt 100 %.

Det låg føre anbodsprotokoll og melding om tildeling av kontrakt utarbeida av Asplan Viak. Gjennomgangen viste 5 leverandørar som leverte tilbod og at det vart gitt ny vedståelsesfrist (12.12.2018). Av dei fem leverandørane var det ein av leverandørane som ikkje oppfylte kvalifikasjonskrava, og ein annan leverandør som ikkje forlenga vedståingsfristen for tilbodet.

Nedanfor går det fram tilboda frå dei tre leverandørane som oppfylte krava. Prisane består av summerte prisar i prisskjema, pris på opsjonar og tilleggsprisar:

Nr	Firma	Pris (NOK) inklusiv mva
1	BMO entreprenør AS	9 364 388
2	Mesta AS	10 180 293
3	Implenia AS	10 381 266

Kontrakt vart tildelt BMO Entreprenør AS på bakgrunn av lågast pris.

### 6.2.2 Vurdering:

Prosjektet fell inn under bygg og anleggsarbeid etter innkjøpsføreskrifta del 2. Prosjektet var kunngjort på Doffin og det låg føre tilbodsinvitasjon, konkurransegrunnlag og funksjonsskildring. Gjennomgang av konkurransegrunnlaget viste at den tekniske beskrivinga i stor grad oppfylte krava til i høve innkjøpsføreskrifta. Det låg føre anbodsprotokoll og melding om tildeling med evaluering av tilbydarane.

Ein kunne ikkje sjå at det har vore stilt krav om: eigenerklæring om tilknytning til offentleg godkjent lærlingordningar. I tillegg har det ikkje vore utarbeida sjekklister for anskaffingar ved oppstart slik kommunen sine egne rutinar sett krav om.

## 6.3 Investeringsprosjekt: Hamnavegen

### 6.3.1 Fakta

Innkjøpet gjaldt utbetring av Hamnavegen med geonett og duk. Den utrekna verdien på innkjøpet var sett til 500 000kr. Veglengda som skulle forbeholdt var 550 m med 4 m brei kjørebane og vegskulder på 0,5 m på kvar side. Arbeidet omfatta også utskifting og etablering av stikkrenner. Hareid kommune skulle sjølve stå for innkjøp av duk og geonett som skulle nyttast i jobben.

Administrasjonen har gitt tilbakemelding på at innkjøpet var lagt ut på heimesida til kommunen og e-postkorrespondanse viser at tilbodet var sendt til tre leverandørar på mail. I tilbodsinvitasjonen gjekk det også fram tildelingskriterier og i dette prosjektet var pris (totalpris på oppdraget), kompetanse (referanseprosjekt), oppdragsforståing (leverandøren si skildring av organisering, gjennomføring og kvalitetssikring) og framdrift (særlig oppstartstidspunkt) vektlagt. Det kom inn 3 tilbod innan fristen og administrasjonen si evaluering av dei tre ulike tilboda går fram nedanfor:

Leverandør	Oppfylt kvalifikasjonskrav	Pristilbod eks. mva	Pris	Kompetanse	Oppdragsforståing	Framdrift	Score
Aurvoll og Furesund AS	Ja	607 600	8,47	10	10	9	37,47
Nord- Berg	Ja	538 100	9,55	9,5	9,5	8	36,55
Brekke og Kleppe	Ja	513 884	10	9	9	10	38

Det låg føre anbudsprotokoll og ei vurderinga av dei ulike tilboda der pris, kompetanse, oppdragsforståing og framdrift var evaluert. I høve kompetanse og oppdragsforståing vurderte administrasjonen dei tre tilboda til å vere relativt likeverdige. I høve framdrift var også dei tilboda svært like men det eine tilbodet hadde litt kortare anleggsperiode. Det gjekk fram av protokoll at meddeling om tildeling var sendt alle tilbydarane 25.09.17.

Prismessig var det 92 716 kr mellom det dyraste og rimelegaste alternativet, og 24 216 kr mellom det rimelegaste og nest rimelegaste tilbodet. Det vart lagt avgjerande vekt på pris, og Brekke og Kleppe AS vann konkurransen.

### 6.3.2 Vurdering:

Prosjektet fell inn under bygg og anleggsarbeid etter innkjøpsføreskrifta del 1. Gjennomgang av tilbodsinvitasjon viste at den tekniske beskrivinga i stor grad oppfylte krava i høve innkjøpsføreskrifta. Det hadde blitt innhenta tilbod frå tre tilbydarar. Det låg føre innkjøpsprotokoll med evaluering av tilbydarane.

## 6.4 Investeringsprosjekt: Hovlidvegen og Rein/Gamle Brandalsveg

### 6.4.1 Fakta

Innkjøpet gjaldt arbeid i Hovlidvegen og Reina/Gamle Brandalsveg.

I Hovlidvegen skulle det skiftast ut div leidningar (hovudsak overvatn og spillvatn) og gravast ca 440 m lang grøft med ei bredde på ca 1 m i botn. Det skulle også ordnast på bærelaget (30 cm) og gjerast klart for asfalt. Kommunen ønskte timeprisar for maskin og lastebil og eventuelt m3 pris på masse for utskifting.

Innkjøpet var anslått til ca 200 000 kr og sjølv tilbodsinvitasjonen vart sendt til tre tilbydarar (Aurvoll og Furesund, Ulstein betong og Brekke og Kleppe). Invitasjonen inneheldt informasjon og teknisk beskriving av prosjektet men inneheldt ikkje informasjon om tidsfristar, krav til leverandør og tildelingskriterier

Ut i frå tilbakemelding/dokumentasjon frå administrasjonen var innkjøpet sendt direkte til 3 aktuelle firma (Brekke og Kleppe, Aurvoll og Furesund, og Ulstein betong). To av dei tre leverandørane leverte tilbod (Aurvoll og Furesund og Brekke og Kleppe) og Brekke og Kleppe vann konkurransen på bakgrunn av lågast pris.

### 6.4.2 Vurdering:

Prosjektet fell inn under bygg og anleggsarbeid etter innkjøpsføreskrifta del 1. Gjennomgang av konkurransen viste at kommunen hadde kontakta 3 leverandørar. I kommunen sine skriftlege rutinar for prosjekt over 100 000kr går det fram at det skal utarbeidast bla. konkurransegrunnlag og kravspesifikasjon før konkurransen kan sendast ut i marknaden. I dette prosjektet har det vore sendt ut ein enkel kravspesifikasjon (teknisk beskriving av arbeidet) på mail til dei tre tilbydarane. Det har derimot ikkje vore sendt ut nokon form for konkurransegrunnlag med informasjon om fristar, prosedyreval, kvalifikasjonskrav og liknande. Det har heller ikkje vore utarbeida sjekklister for anskaffingar ved oppstart slik kommunen sine eigne rutinar sett krav om.

Innkjøpet har ikkje vore gjort i samsvar med kommunen sine rutinar i høve offentlege innkjøp som overskrid 100 000 kr.

## 6.5 Investeringsprosjekt: Gjerdeelva

### 6.5.1 Fakta

Innkjøpet gjeld rehabilitering av delar av Gjerdeelva, der kommunen ønska timespris for graving av grøft i samband med utbetring av inntak. Innkjøpet var anslått til under 100 000 kr i maskinarbeid og resten av arbeidet skulle utførast i eigenregi.

Sjølv tilbodsinvitasjonen vart sendt til tre tilbydarar (Aurvoll og Furesund, Nordberg og Brekke og Kleppe) på mail. Alle leverandørane leverte tilbod. Invitasjonen inneheldt informasjon og teknisk beskriving av prosjektet men inneheldt ikkje informasjon om tidsfristar, krav til leverandør og tildelingskriterier

Det låg føre anbudsprotokoll som viste at Brekke og Kleppe vann konkurransen på bakgrunn av lågast pris på gravmaskin. Den totale kostanden frå Brekke og Kleppe i investeringsrekneskapen på prosjektet viste 118 990 kr i 2018.

### 6.5.2 Vurdering:

Kommunen estimerte innkjøpet til å kome under 100 000kr og ein registrer at kommunen har innhenta tilbud frå 3 tilbydarar.

Kommunen sine skriftlege rutinar og anskaffelsesføreskrifta gjeld i hovudsak kjøp over 100 000 kr. Difor vurderer ein innkjøpet som gjennomført i henhold til lova. Det at kommunen har valgt å gå ut på anbod sjølv om ein vurderte innkjøpet til å bli under 100 000kr, samt at ein har utarbeida anbudsprotokoll ser ein på som positivt.

## 6.6 Investeringsprosjekt: Bjåstad - Røyset:

### 6.6.1 Fakta

Innkjøpet gjeld fornying /nyutbygging av VA-anlegg Bjåstad – Røyset med tilhøyrande tekniske installasjonar. Det skulle førast fram fiber i grøfta samt at vegen skulle oppgraderast (stikkrenner byttast ut og vegen forsterkast, samt snuplassar skulle opparbeidast). Det skulle asfalterast heilt til slutt.

Kunngjeringa var lagt ut på Doffin 18.09.17 samt lagt ut på kommunen si heimeside. Tilbudsfrist var 31.05.2018 kl 16:00. Planlagt oppstart av prosjektet var veke 32.

Det låg også føre tilbudsinvitasjon med konkurransegrunnlag og kravspesifikasjon der det bla. blei stilt krav om skatt- og meirverdiavgiftsattest, utdrag av rekneskap dei 3 siste åra/eller kredittrating, oversikt over personell/maskiner/reiskap/materiell , referanseprosjekt (mest relevante tre siste åra) og system for kvalitetsstyring. Det blei også stilt krav om at tilbydar var tilknytt lærlingordning og at minst ein lærling deltok i utføringa av arbeidet. I konkurransegrunnlaget gjekk det fram at pris ville bli vektlagt.

Det låg føre anbudsprotokoll. Protokollen viser at det var kom inn fem tilbud. Val av leverandør blei gjort på bakgrunn av pris og Brekke og Kleppe vann anbuds konkurransen med lågast pris.

Nr.	Tilbydar	NOK eks.mva	Score
1	Aurvoll og Furesund AS	28 385 051 kr	6,26
2	Hole maskiner AS	18 281 843 kr	9,72
3	Brekke og Kleppe AS	17 777 655 kr	10
4	Veidekke Entreprenør AS	27 509 838 kr	6,46
5	Nord- Berg AS	17 988 142 kr	9,94

Det låg føre melding om resultat av konkurranse som var oversendt leverandørar 20.06.18.

### 6.6.2 Vurdering:

Prosjektet fell inn under bygg og anleggsarbeid etter innkjøpsføreskrifta del 2. Konkurransen var kunngjort på Doffin 18.09.17. Gjennomgang av konkurransegrunnlaget viste at den tekniske beskrivinga i stor grad oppfylte krava til i høve innkjøpsføreskrifta. Det låg føre anbudsprotokoll med vurdering av dei ulike tilbydarane samt melding om tildeling.

## 6.7 Investeringsprosjekt: Veg Gamleidet:

### 6.7.1 Fakta

Innkjøpet gjaldt utarbeiding av ca 480 meter veg med 5 meter bredde ferdig grusa. Arbeidet omfatta oppjustering av høgde på veg i kurver, legging av gruslag med oppretting klargjort til asfaltering.

Ein ba om å få oversendt dokumentasjon på invitasjon, mottekne tilbod og meddeling om tildeling samt sjekklister ved innkjøp. Ein fekk oversendt mottekne tilbod, men det låg ikkje føre dokumentasjon på tilbodsinvitasjonen og ikkje dokumentasjon på svarbrev til tilbydarane. Ein kan ikkje sjå at konkurransegrunnlag og kravspesifikasjon har vore utarbeida, sidan tilbodsinvitasjonen manglar.

Det låg føre anbudsprotokoll. Protokollen viste at tre leverandørar vart invitert til å levere tilbod. Det går fram at to av leverandørane leverte tilbod, den tredje trudde administrasjonen at dei ikkje hadde fått tilbakemelding frå.

Nr.	Tilbydar	NOK eks.mva
1	Aurvoll og Furesund	196 000 kr
2	Brekke og Kleppe	200 550 kr
3	Graving og Transport	Leverte ikkje tilbod

Aurvoll og Furesund vart valgt med bakgrunn i lågast pris. Det vart som nemnt ikkje gjeve skriftleg tilbakemelding til dei tre tilbydarane.

### 6.7.2 Vurdering:

Prosjektet fell inn under bygg og anleggsarbeid etter innkjøpsføreskrifta del 1. Innkjøpsprotokollen viste at kommunen hadde kontakta 3 leverandørar, men tilbodsinvitasjonen med mailkorrespondanse låg ikkje føre og difor er det ikkje mogeleg å kontrollere om og korleis dei tre tilbydarane har vore kontakta.

I kommunen sine skriftlege rutinar for prosjekt over 100 000kr går det fram at det skal utarbeidast bla. konkurransegrunnlag og kravspesifikasjon før konkurransen kan sendast ut i marknaden. I dette prosjektet har ein ikkje fått oversendt konkurransegrunnlag og kravspesifikasjon. Tilbakemeldinga frå administrasjonen viste at det heller ikkje var gjeve skriftleg tilbakemelding til dei tre tilbydarane.

Innkjøpet har ikkje vore gjort i samsvar med kommunen sine rutinar i høve offentlege innkjøp som er større enn 100 000 kr.

## 6.2 Konklusjon problemstilling 1

Ein plukka ut og kontrollerte 6 investeringsprosjekt innanfor teknisk sektor der ein kontrollerte innkjøpa opp i mot innkjøpsprosessen (lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande føreskrift). Kommunen har også eigne skriftlege rutinar ein kontrollerte innkjøpa opp i mot.

Innkjøpa var i stor grad gjort i samsvar med innkjøpsføreskrifta, men ein såg enkelte manglar som ein ønskjer å påpeike:

- Kommunen sine skriftlege rutinar krev at dette skal utarbeidast sjekklister for alle innkjøp over 100 000kr, gjeldande frå 03.08.18. Berre to prosjekt i utvalet vårt var omfatta av den nye rutinen og i dei to prosjekta var ikkje sjekklister utarbeidd.
- I to av prosjekta var det ikkje utarbeida konkurransegrunnlag med informasjon om fristar, prosedyreval, kvalifikasjonskrav og liknande.
- I eit av prosjekta var det ikkje stilt krav om lærlingordning slik føreskrifta krev.

## 7 Problemstilling 2

### Nyttar kommunen gjeldande rammeavtaler innanfor teknisk sektor?

#### 7.1 Fakta og vurderingar

Hareid kommune er ein del av innkjøpssamarbeidet i Ålesundsregionen. Ålesund kommune administrer dette samarbeidet på vegne av medlemskommunane. Ikkje alle kommunar er med på alle avtalar, og vi har teke utgangspunkt i dei rammeavtalar som Hareid kommune er bunde av innanfor kommunalteknikk og VAR. Detaljert informasjon om rammeavtalane ligg i kommunen sitt elektroniske kvalitetssystem, og vi har brukt desse kjeldene for å vurdere kva som ligg i dei enkelte varegrupper. Nedanfor går det fram ei oversikt over alle rammeavtalene kommunen har.

Avtale	Leverandør	Avtaleperiode
Asfalt, 2019	NCC INDUSTRY AS	26.06.2019 - 28.02.2021
Bedriftshelsetjenester for Søre Sunnmøre, 2018	Stamina Helse AS	01.07.2018 - 30.06.2021
Frukt og grønnsaker, 2015	Bama Storkjøkken AS	21.09.2015 - 20.09.2019
Innkjøpsbistand, 2016 (2)	Inventura AS	22.02.2017 - 21.02.2020
	Innkjøpskontoret AS	03.02.2017 - 02.02.2020
	Odin Prosjekt AS	01.02.2017 - 31.01.2020
kontrolltjeneste i henhold til alkoholloven, 2016	Securitas AS	01.06.2016 - 30.05.2020
Kopipapir, kontor,- og datarekvisita, toner, blekk og fritt skolemateriell	Ødegaard Engros AS	08.09.2017 - 07.09.2020
Medisinske forbruksvarer, 2017	OneMed AS	15.09.2017 - 14.09.2020
Microsoft-lisenser og tilhørende tjenester, 2015	Atea AS	29.09.2015 - 28.09.2019
Multifunksjonsmaskiner, 2015	Sharp Business Systems Norge AS	27.02.2016 - 26.02.2020
Personbiler, 2015 (3)	Møller Bil Ålesund as	12.11.2015 - 11.11.2019
	Brages Bilforretning as	28.10.2015 - 27.10.2019
	Rutebileiernes Standardisering AS	28.10.2015 - 27.10.2019
Renholdsmidler og rekvisita, papir,plast, catering, lyskilder og hansker	Ødegaard Engros AS	08.09.2015 - 08.09.2019
Skilt og skilt- og vegoppmerkingsmateriell , 2015	Euroskilt AS	01.09.2015 - 31.08.2019
Skilt og skilt- og vegoppmerkingsmateriell , 2015	Brødrene Dahl AS	28.08.2015 - 31.08.2019
Skolemøbler, 2015	GRANDE INTERIØR AS	31.01.2016 - 31.01.2020
Telefontjenester, 2017 (avtale inngått av andre)	Telenor Norge AS	15.05.2017 - 14.05.2021
Tolketjenester (3)	TolkeNett AS	15.04.2019 - 14.04.2021
	Noricom Nord AS	15.04.2019 - 14.04.2021
Trygghetspakke Velferdsteknologi	Atea AS	15.05.2018 - 14.05.2020
Uniforms- og stasjonsbekledning, 2019	Uniformpartner	26.04.2019 - 26.04.2021
Varebiler (Søre Sunnmøre), 2015	Møller Bil Ålesund as	14.03.2016 - 13.03.2020
	Ørsta BIL	14.03.2016 - 13.03.2020
Veterinærvakt Ulstein vaktområde	Veterinærkontoret AS	10.10.2017 - 10.10.2019
	Veterinær Svendsen og Terøy	10.10.2017 - 10.10.2019
	Veterinær Sunniva Westre	10.10.2017 - 10.10.2019
Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Manpower AS	25.04.2016 - 24.04.2020
	Konstali Helsenor AS	25.04.2016 - 24.04.2020
	Vacant Helse AS	25.04.2016 - 24.04.2020
	Centric Care AS	25.04.2016 - 24.04.2020
	Accurate Care AS	25.04.2016 - 24.04.2020
	Smart Bemanning AS	26.04.2016 - 25.04.2020
	Adecco Helse AS	25.04.2016 - 24.04.2020
	AMBIO Helse AS	25.04.2016 - 24.04.2020
	Seie AS (tidl. Orange Service AS)	25.04.2016 - 24.04.2020
Kolonialvarer 2015	H.I.Giørtz Sønner AS	01.09.2015 - 31.08.2019
Skolebøker og læremateriell	BS Undervisning AS	04.07.2018 - 03.07.2020
Kjøtt og Kjøttvarer, 2018	Nortura	11.01.2018 - 10.01.2020
Melk og meieriprodukter 2015	Tine SA	01.12.2015 - 30.11.2019
Porteføljeforvaltning Elektrisk kraft Søre Sunnmøre, 2015	Fjordkraft	01.03.2016 - 28.02.2020
Rammeavtale for legemidler og multidoser	Norsk Medisinaldepot AS	01.01.2019 - 01.01.2021
Serviceavtale - Pusteluftutstyr Søre Sunnmøre, 2017	Brannvernservice AS	11.01.2018 - 10.01.2020



Nedanfor går det fram ei oversikt over gjeldande rammeavtalar som ein vurderer fell inn under teknisk eining og som er omfatta av denne kontrollen. Dette gjaldt avtale på asfalt, innkjøpsbistand, skilt og vegoppmerking og varebilar:

Avtale	Leverandør	Avtaleperiode
Asfalt	NCC roads AS	22.06.15-21.06.19
Innkjøpsbistand	Odin Prosjekt AS	01.02.17-31.01.20
	Innkjøpskontoret AS	03.02.17-02.02.20
	Inventura AS	22.02.17-21.02.20
Varebiler	Ørsta bil	14.03.16-13.03.20
	Møller Bil Ålesund as	14.03.16-13.03.20
Skilt og veggoppmerkingsmateriell	Euroskilt AS	01.09.15-31.08.19
	Brødrene Dahl AS	28.08.15-31.08.19

Vi har gått inn på dei aktuelle kontoane (etter sin art) i rekneskapen, og vurdert leverandørane her oppimot gjeldande rammeavtalar. Om det er bokført kostnader på feil konto, vil dette ikkje bli fanga opp av kontrollen.

Nedanfor har ein gått igjennom dei ulike avtalene.

## 7.1.1 Asfalt:

### 7.1.1.1 Fakta

Avtale med NCC roads AS

Spørjing i driftsrekneskapen på Kommunale veier, miljø- og trafikksikkerheitstiltak og parkering (dim 2, funksjon 332) viste kjøp på konto 02300 nybygg/nyanlegg/rehabilitering med 438 872 kr gjennom NNC. Gjennomgangen viste kjøp i same gruppe frå bla. Brekke og kleppe med totalt 5 485 027 kr, men stikkprøver av faktura under denne leverandøren viste at arbeidet omfatta grunnarbeid/masseutskifting o .l og omfatta ikkje asfaltering.

### 7.1.1.2 Vurdering:

Ein vurderer det slik at rammeavtalen har blitt følgt.

## 7.1.2 Innkjøpsbistand:

### 7.1.2.1 Fakta

Kommunen har avtale med Odin prosjekt AS, Innkjøpskontoret AS og Inventura AS. Det går fram av kommunen ikkje har plikt til å nytte seg av rammeavtalen om:

- «1. de velger å gjennomføre anskaffelsen selv
2. om Innkjøpsamarbeidet på Sunnmøre gjennomfører den
3. kommunen deltar på en felles anskaffelse via andre innkjøpsamarbeid
4. kommunen har avtaler hvor det å gjennomføre anskaffelser er eller kan være en del av disse, for eks. avtale på konsulenttenester byggteknisk

5. kommunen skal gjennomføre entrepriser og/eller større anskaffelser som blir kunngjort særskilt for eks. av konsulent, rådgiver, arkitekt, byrå, selskap e.l»

Konto 02700 omfattar konsulenthjelp i investeringsrekneskapen. Dette kan omfatte anna konsulenthjelp enn berre innkjøpsbistand og det er derfor vanskelig å kontrollere rammeavtalen opp i mot denne kontoen på god måte. Det var totalt handla for 3 354 493 kr innafør teknisk sektor (funksjon 332-354) i 2018. Oversikt over leverandørane nytta går fram i tabellen til høgre. Det var ikkje ført kostnader knytt til leverandørane omfatta av rameavtalen.

	Beløp
AG PLAN OG ARKITEKTUR AS	60 390
ARKITEKTFIRMA SPORSTØL AS	78 286
BRØDRENE DAHL A/S	2 240
ASPLAN VIAK AS	810 218
ELTEL NETWORKS AS	46 470
NORCONSULT	1 226 777
COWI AS	52 020
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT	7 800
NORDPLAN AS	948 414
LONGVAS OPPMÅLING AS	46 000
<b>SUM</b>	<b>3 354 393</b>

Konto 12700 omfattar konsulenthjelp i driftsrekneskapen. I 2018 knytt til teknisk (funksjon 332-354) var det totalt handla for 355 737 kr med leverandørar. 84 445 kr var knytt opp i mot Odin prosjekt AS. Gjennomgang av faktura viste at dette var knytt til arbeid med anbuds konkurranse. Den største leverandøren var Envidan momentum med 130 924 kr som er knytt opp i mot konsulenthjelp i høve kommunen sitt sjølvkostsystem.

	Beløp
ODIN PROSJEKT AS	84 445
ARKITEKTFIRMA SPORSTØL AS	3 600
EVRY NORGE AS	2 600
STAMINA HOT HELSE AS (tidl. Hjelø24 as)	17 936
NORKART AS	3 000
ASPLAN VIAK AS	40 294
NORDPLAN AS	9 762
ADVOKATFIRMAET HAAVIND AS	22 275
Envidan Momentum AS	130 924
SIVILINGENIØR TOBIAS DAHLE	40 900
<b>SUM</b>	<b>355 737</b>

### 7.1.2.2 Vurdering:

Rammeavtalen gir rom for at kommunen kan gjennomføre entrepriser og/eller større innkjøp som blir kunngjort særskilt for eks. av konsulent, rådgivar, arkitekt, byrå, selskap e.l Ein tolkar dette slik at kommunen står fritt til å kunne nytte andre leverandørar i samband med anbuds konkurranse, utarbeiding av konkurransegrunnlag og liknande i høve større tekniske innkjøp. I driftsrekneskapen registrerar ein at kommunen har nytta Odin Prosjekt og faktura kontroll viste at konstnadane var knytt til innkjøpsarbeid. Ein vurderer det slik at rammeavtalen har blitt følgt.

## 7.1.3 Varebilar:

### 7.1.3.1 Fakta

Kommunen har rammeavtaler med to leverandørar i høve kjøp eller leasing av varebilar: Ørsta bil:

Avtalen gjelder kjøp eller leasing av følgende biler:

- a) «liten pizzabil, 2WD» - Ford Transit Courier Trend
- d) «større varebil, 2WD» - Ford Transit Custom L1 Trend

Møller bil Ålesund

Avtalen gjelder kjøp eller leasing av følgende biler:

- b) «pizzabil, 2WD» - VW Caddy 75 TDI
- c) «pizzabil, 4WD» - VW Caddy 122 TDI 4Motion
- e) «større varebil, 4WD» - VW Transporter 150 TDI 4Motion

Gjennomgang av drift og investeringsrekneskapen viste ikkje kjøp av bil i 2018 innanfor teknisk. Ein registrerte derimot leasing kostnadar knytt til Ford kreditt og Volkswagen Møller bilfinans på hhv. 45 181 kr og 52 448 kr innanfor teknisk. Fakturakontroll viste at dette gjaldt biltypar som er omfatta av avtalen.

#### **7.1.3.2 Vurdering:**

Ein vurderer det slik at rammeavtalen har blitt følgt.

### **7.1.4 Skilt og vegoppmerkingsmateriell:**

#### **7.1.4.1 Fakta**

Avtale med Euroskilt AS og Brødrene dal AS.

I avtalen til Euroskilt går det fram at avtalen omfattar, arbeidsvarslingsutstyr, oppsettingsmateriell, bommer/Sperrer, skilt i bøylar og standard trafikkskilt.

I avtalen til Brødrene Dal går det fram at avtalen omfattar vegoppmerkingsmateriell.

Ein kontrollerte kjøp bokført innanfor funksjon 332 som gjeld kommunale veier, miljø- og trafikksikkerhetstiltak og parkering. Denne funksjonen omfattar alle kostnadar ført på veg. Det er derfor vanskelig å kontrollere rammeavtalen opp i mot denne kontoen på god måte. Kjøp gjort gjennom Brødrene Dal utgjorde 56 118 og kjøp gjennom Euroskilt utgjorde 65 598 kr. Fakturakontroll viste at kjøpa var omfatta av rammeavtalen.

#### **7.1.4.2 Vurdering:**

Ein vurderer det slik at rammeavtalen har blitt følgt.

## **7.2 Konklusjon problemstilling 2**

Hareid kommune er ein del av innkjøpssamarbeidet i Ålesundsregionen. Ålesund kommune administrer dette samarbeidet på vegne av medlemskommunane. Kommunen har i dag 28 rammeavtaler. Ein kontrollerte dei fire rammeavtalene som var knytt opp i mot teknisk sektor. Gjennomgangen viste at rammeavtalene i stor grad hadde blitt følgt.

## 8 Anbefalingar

1. Kommunen bør følge sine egne rutinar og utarbeide sjekklister for anskaffingar ved oppstart av alle innkjøp over 100 000 kr.
2. Kommunen bør ved alle innkjøp over 100 000 kr utarbeide konkurransegrunnlag og kravspesifikasjon.

Desse tiltaka vil kunne bidra til at innkjøpsprosessen vert tilfredstillande dokumentert og grunngjeven.

## 9 Rådmannen sin kommentar:

### **Tilbakemelding til Forvaltningsrevisjonsrevisjonsprosjekt Innkjøp Kommunalteknikk og VAR, Hareid kommune.**

Rapporten tek for seg to problemstillingar. Problemstilling 1 er om kommunen følgjer regelverket vedkomande lov om offentlege innkjøp, samt egne rutinar ved investeringar. Problemstilling 2 er om kommunen nyttar gjeldande rammeavtalar.

Eg vil i det vidare følgje oppbygginga i rapporten.

Problemstilling 1. Følgjer kommunen regelverket vedkomande lov om offentlege innkjøp, samt egne rutinar ved investeringar.

#### Investeringsprosjekt Hovden-Mork

Det vert her peika på at to leverandørar vart avvist frå konkurransen etter anskaffingsforskriftas § 24-1. Dette er rett. Ein vurderte at ein skulle tolke regelverket strengt då ein i ei rekke konkurransar opplevde at entreprenørane ikkje leverte dei dokumenta som var naudsynt eller leverte konkurransen på rett måte. Ein tok i vare prinsippet om likebehandling på den måten at alle leverandørane som gjorde same feilen vart avvist frå konkurransen. Ein vil imidlertid ikkje lenger måtte handtere denne problemstillinga då Hareid kommune no nyttar eit elektronisk innleveringssystemet der ein ikkje får sende inn tilbod utan å laste opp alle naudsynte vedlegg.

#### Investeringsprosjekt Almetunellen

Denne anskaffinga vart kjørt av innleigde konsulentar i Asplan Viak. Når dei starta på arbeidet med å utarbeide konkurranse var ikkje sjekklista eller rutinen laga. Begge deler vart utarbeida midt i arbeidet med konkurransegrunnlaget. Ein meiner difor at dette ikkje kan sjåast på som eit avvik all den tid rutinen slår fast at sjekklista skal nyttast ved oppstart av konkurransar.

Det peikast også på at ein ikkje hadde stilt krav til lærlingeordning. Dette er rett og noko som ikkje skal førekome. Ein har hatt ymse erfaringar med å la rådgjevande ingeniørfirma køyre anbodskonkurransar for kommunen. Ein har fleire gangar sett at dei ikkje innehar den naudsynte kompetansen. Ein har difor innført ein regel på eining for kommunalteknikk og VAR at vi berre skal nytte rammeavtalen med Odin ved bistand til innkjøp, sjølv om ein etter rammeavtalen har moglegheit til også å nytte andre. Ved å berre nytte Odin er ein sikker på at ein nyttar eit firma med høg kompetanse på offentlege innkjøp og ein unngår slike brot på regelverket i framtida.

#### Investeringsprosjekt Hovlidvegen og Reina/Gamle Brandalsveg

Det vert her peika på at innkjøpet ikkje har vore gjort i samsvar med kommunen sine rutinar i høve offentlege innkjøp som overskrid 100.000 eks mva. Rutinen og sjekklista som det vert vist til gjeld berre klassisk sektor og anskaffingsforskrifta. Denne anskaffinga gjeld vatn og avløp og vart køyrd etter forsyningsforskrifta. Vi meiner difor at det ikkje har skjedd eit avvik her. Når det er sagt ser vi at vi har eit forbettringspotensiale når det gjeld å utarbeide gode konkurransegrunnlag også i

konkurransar som vert køyrd etter forsyningsforskrifta sin del I. Dette vil vi jobbe vidare med på eininga.

#### Investeringsprosjekt Veg – Gamleeidet

Her har ein overheldt prinsippet om konkurranse ved å sende ut konkurransen til tre tilbydarar. Det ein ikkje har gjort er å arkivere saka på riktig måte. Dette skal ikkje skje og ein jobbar med alle medarbeidarane om ei bevisstgjerung rundt reglane om arkivering og arkivlova. Rutinar for arkivering er på plass, men ein må sikre at alle medarbeidarar følgjer desse.

Under problemstilling 2 vart det ikkje avdekka noko avvik, det er difor ikkje naudsynt å kommentere dette.

Ein vil avslutningsvis sei at ein dei siste to åra har hatt eit svært stort fokus på offentlige anskaffingar i eininga. Konkurransar etter anskaffingsregelverket er krevjande og tek svært mykje tid og ressursar. Når ein ser volumet av investeringar eininga har hatt i 2018 og 2019 er det klart at det er krevjande å handtere for ei eining med så få tilsette og som har anskaffingar som ein av svært mange andre arbeidsoppgåver. Det er eit svært krevjande juridisk område med komplekse reglar som heile tida er i endring.

Ein har dei siste to åra skaffa seg auka kompetanse innanfor fagområdet. Ein ønskjer likevel å heve dette enda meir. Til våren skal rådgjevar på eininga gjennomføre KS si sertifiseringsordning innanfor offentlige anskaffingar. Vi har også som nemnt gått over til å nytte kompetansen til Odin i alle konkurransar som køyrast etter både klassisk sektor og innan for forsyningssektoren og som omfattast av del II og III. Ein vonar at dette er tiltak som i enda større grad vil føre til at enda fleire konkurransar vert gjennomført så riktig som mogleg.

Mvh einingsleiar Kommunalteknikk Christina Steffensen.

## 10 Revisjonen sin kommentar:

### Investeringsprosjekt Almetunellen

Innkjøpet var kunngjort på Doffin 18.10.2018, medan rutine for sjekkliste var utarbeida 03.08.18. Ein meiner difor at sjekklista burde vore utfylt før utlysinga.

### Investeringsprosjekt Hovlidvegen og Reina/Gamle Brandalsveg

Ein vurderer at kommunen sine rutinar skal gjelde alle innkjøp over 100 000 eks.mva. Intensjonen med desse rutinane må vere at dei grunnleggande prinsippa i høve konkurranse, likebehandling og etterprøvbarheit blir følgt for alle innkjøp. I tillegg er hovudmomenta i forsyningsføreskrifta og innkjøpsføreskrifta like på dette området. Om det er slik at intensjonen med rutinane er at desse kun skal gjelde klassisk sektor, bør kommunen raskt få på plass tilleggsrutinar som også omfattar innkjøp etter forsyningsføreskrifta.

Innkjøpet var sendt til tilbydarar 12.09.18, medan rutine for sjekkliste var utarbeida 03.08.18. Ein meiner difor at sjekklista burde vore utfylt før utlysinga.